



Meland Sokn  
Postboks 117  
5906 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/850 - 19/11529

Saksbehandlar:  
Randi Helene Hilland  
[randi.hilland@meland.kommune.no](mailto:randi.hilland@meland.kommune.no)

Dato:  
23.05.2019

## Intensjonsavtale om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

Andre mottakarar:  
Martin W. Kulild, Meland Sokn

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FA-D13	19/850

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2019	Formannskapet	PS	24.04.2019
20/2019	Kommunestyret	PS	15.05.2019

## Intensjonsavtale om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug

### Vedlegg:

Meland sokneråd - Framlegg til Intensjonsavtale om bygging av ny kyrkje på Frekhaug  
Saksprotokoll Meland sokneråd, sak 6/19 i møte 04.04.19 - Intensjonsavtale om kyrkjebygging  
Rådmannens framlegg til vedtak - Intensjonsavtale om bygging av ny kyrkje på Frekhaug  
Notat-Framtidig kyrkjebygging på Frekhaug i Alver kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommunestyre gjorde i sak 80/2018 følgjande vedtak:

«Med tilvising til økonomiplan 2019 – 2022 og budsjett 2019 avviser kommunestyret avtalen om finansiering og bygging av ny kyrkje på Frekhaug.

Kommunestyret ber om drøftingar med Soknerådet om intensjonsavtale om bygging av ny kyrkje. Intensjonsavtalen skal følgje med inn i nye Alver kommune.»

Rådmannen har etter dette hatt dialog med kyrkjeverja og saman forsøkt å lage felles framlegg til vedtak. Vi har ikkje lukkast i å einast om alle punkt i intensjonsavtalen og difor er det rådmannens framlegg til vedtak som ligg i bordet til denne saka.

Forskjellene i avtalene er knytt til punkt 3. og 6. I soknerådet sitt framlegg forplikter dei kommunen til å stille kr fem millioner til rådvelde for sokenrådet, slik at dei kan kjøpe tomt allereie i 2019.

Rådmannen meiner det er lite realistisk at ei slik forsering gjev raskere framdrift, grunna framdrift i kryss på Frekhaug (Nordhordlandspakken med meir). I tillegg er dette ikkje i tråd med kommunestyrets vedtak frå desember 2018.

**Framlegg til vedtak:**

1. Meland kommunestyre godkjenner rådmannens framlegg til intensjonsavtale og at det inngås intensjonsavtale med Meland sokneråd om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug.
2. Avtalen skal følgje med inn i nye Alver kommune.

**Formannskapet - 29/2019**

**FS - behandling:**

**Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:**

1. Meland kommunestyre godkjenner Meland sokneråd sitt framlegg til intensjonsavtale og at det inngås intensjonsavtale med Meland sokneråd om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug.
2. Avtalen skal følgje med inn i nye Alver kommune.

**Framlegg til vedtak frå AP v/Øyvind Oddekalv:**

Meland kommunestyret ber om at saka blir tatt opp igjen i Alver kommune.

**Det vart føreteke prøverøysting:**

Framlegg til vedtak frå Arbeiderpartiet fekk 2 røyster for, (AP).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster for, (2 AP, H).

Marit Jøssang sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster for, (KrF, SP, FrP).

**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå Arbeiderpartiet fekk 2 røyster for, (AP), 4 røyster mot, (H, SP, FrP, KrF) og fall.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 6 røyster mot, (2 AP, H, SP, KrF, FrP), og fall.**

**Marit Jøssang sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster for, (KrF, H, SP, FrP), 2 røyster mot, (AP), og er spleis vedteke.**

**FS - vedtak (mot 2 røyster):**

1. Meland kommunestyre godkjenner Meland sokneråd sitt framlegg til intensjonsavtale og at det inngås intensjonsavtale med Meland sokneråd om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug.
2. Avtalen skal følgje med inn i nye Alver kommune.

## Kommunestyret - 20/2019

### **KS - behandling:**

Rådmann artin W. Kulild orienterte.

#### **Tilleggsframlegg til vedtak nytt punkt 3 fra Øyvind Bratshaug, FrP:**

Det er en forutsetning at tomten blir brukt til formålet.

#### **Tilleggsframlegg fra Nils Marton Aadland, H**

Pkt 6 - i avtalen - Soknerådet kan for eiga rekning setje i gang med prosjektering av ny arbeidskyrkje når tomt er avklart.

#### **Tilleggsframlegg fra Ørjan Kristiansen, Uavh:**

Pkt Y: Om ikke kyrkja er bygd innan 2040, kan kommunen kreve tomten tilbakeført kommunalt eige utan vidare vederlag.

### **Framlegg til vedtak fra AP:**

Meland kommunestyre ber om at saka blir tatt opp igjen i Alver kommune.

#### **Avrøysting:**

Framlegg til vedtak fra AP fekk 11 røyster for, (6 AP, 1 V, 1 BF, 1 FrP, 2 Uavh), 15 røyster mot, og fall.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 15 røyster for, (5H, 3 SP, 3 KrF, 2 FrP, 2 MDG), 11 røyster mot, og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegg fra Øyvind Bratshaug fekk 24 røyster for, (5 H, 4 AP, 3 SP, 3 FrP, 3 KrF, 2 MDG, 2 Uavh, 1 V, 1 BF), 2 røyster mot (AP), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegg fra Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak fra Ørjan Kristiansen fekk 18 røyster for, (6 AP, 5 H, 1 FrP, 2 MDG, 1 V, 2 Uavh, 1 BF), 8 røyster mot, ( 2 FrP, 3 KrF, 3 SP), og er såleis vedteke.

### **KS - vedtak:**

1. Meland kommunestyre godkjenner Meland sokneråd sitt framlegg til intensjonsavtale og at det inngås intensjonsavtale med Meland sokneråd om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug.
2. Avtalen skal følgje med inn i nye Alver kommune. Pkt Y:
3. Det er en forutsetning at tomten blir brukt til formålet.

Pkt 6 - i avtalen - Soknerådet kan for eiga rekning setje i gang med prosjektering av ny arbeidskyrkje når tomt er avklart.

Pkt Y: Om ikke kyrkja er bygd innan 2040, kan kommunen kreve tomten tilbakeført kommunalt eige utan vidare vederlag.

## Intensjonsavtale om bygging av ny arbeidskyrkje på Frekhaug.

### 1. Formål med avtalen

Intensjonsavtalen er inngått mellom Meland kommune og Meland sokneråd og vil bli overlevert til Alver kommune og Alver kyrkjelege fellesråd for vidare oppfølging etter 1.1.2020. Avtalen skal ivareta målet om å få bygd ei ny arbeidskyrkje på Frekhaug.

Avtalen byggjer på Kyrkjelova §§ 15 og 21.

#### § 15 Kommunens økonomiske ansvar.

*Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:*

- a) *utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker*

#### §21. Oppføring av ny kirke mv

1. *Ny kirke skal bygges når en kirke er tilintetgjort eller på grunn av vesentlige mangler er ubrukbar og ikke kan utbedres, når den under vanlige gudstjenester ikke gir tilstrekkelig plass for de kirkesøkende og ikke hensiktsmessig kan utvides, eller når det dannes et nytt sokn der det fra før ikke er kirke.*
2. *Ny kirke skal i kirkrommet ha sitteplass til en tidel av Den norske kirkes medlemmer i soknet. Det kreves likevel minst 200 og ikke mer enn 500 sitteplasser.*

### 2. Behov for ny arbeidskyrkje for Meland

Meland sokn treng tenlege lokale i sentrum av Frekhaug. Sjå elles vedlagte notat og behovsanalyse.

### 3. Tomt

Kommune og sokn skal i samarbeid kome fram til ei tomt for ei arbeidskyrkje. Soknerådet får fullmakt til å forhandle fram avtale om kjøp av tomt. Kommunen stiller til rådvelde inntil fem millionar kroner, jamfør vedtak i kommunestyresak 79/2018, 12.12.2018. Departementet og biskopen skal godkjenne kyrkjetomta, jf. kl §21

### 4. Byggherreansvar

Meland sokn ønskjer å ta byggherreansvar for prosjektet og bli ansvarleg for at prosjektet blir planlagt, prosjektert og bygd. Ein føresetnad for å kome i gang med planlegging og prosjektering er punkt 3. i avtalen.

### 5. Budsjettering og finansiering

Meland sokn vil utarbeide eit budsjett og finansieringsplan for byggeprosjektet og legge det fram for Alver kommune for godkjenning før byggeprosjektet vert sett i gang. I denne

finansieringsplanen vil soknet sin eigendel, moglege inntekter, forventa driftsutgifter og forventning til kommunen sitt økonomiske ansvar etter kl § 15 kome tydeleg fram.  
Finansieringsplanen skal godkjennast av departementet og biskop etter kl §21.

## 6. Framdrift

Meland kommune går inn for at kyrkjetomt skal vere kjøpt og stilt til rådvelde for Meland sokneråd innan utgangen av 2019. Soknerådet kan setje i gang med prosjektering av ny arbeidskyrkje når tomt er avklart. Finansieringsplan for bygging av ny arbeidskyrkje må godkjennast av Alver kommune.